

Årsrapport for vedlikeholdet av FAUN 2017

Faun var på slipp våren 2017. I den sammenheng vart fribordet flekkskrap, sparkla og heile fribordet malt. Anodar vart bytta og undervass-skroget spylt, laust botnstoff skrapa av så vart skroget grunna og smurt med bunnsmørning.

Venneforeninga gjennomførte våren 2017 fleire vedlikehaldsamlingar, og mykje godt lakkarbeid vart gjennomført i løpet av våren/tidleg sommar. Mellom anna vart hyttesider, akterdekk og cokpith akter lakka. Taket i byssa vart malt, og dørken i forpiggen vart også malt. Også messingen vart pussa, og båten vaska og klargjort for sesongen. Det vart også gjort noko arbeid knytt til motor og teknisk utstyr om bord. Fartøykonsulent Geir Madsen følgde opp vedlikehaldsarbeidet som i all hovudsak vart gjort av medlemmane i venneforeninga.

Alle materialkostnadar, og kostnadar knytt til slippsetting , forsikring og oppfølging av vedlikehald og drift vert dekkja av fartøyeigar HFS. Vennelaget går inn med si eiga arbeidskraft og entusiasme. Me er sers glad for den innsatsen vennelaget gjer for Faun.



Venner i arbeid.